



Investorpresentasjon

4. KVARTAL 2024

Hovudlinjer for 4. kvartal 2024



Konvertering gjennomført vi er no SpareBank 1 Sogn og Fjordane



Fin utlånsvekst : 4,5 % siste 12 månadar



Auke i rentenettoen: 401 mill. kr (381 mill. kr)



Resultat frå finansielle instrument: -15 mill. kr (-11 mill. kr)



Tap på utlån: 16 mill. kr (mot inntektsført 1 mill. kr)



God likviditet og soliditet:

- LCR 169 % (165 %)
- Rein kjernekapitaldekning 17,1 % (17,8 %)



Resultat pr. EK-bevis (konsern): kr 4,71 (kr 8,98)



Eigenkapitalavkasting: 5,4% p.a. (11,4 % p.a.)

(Tal for samme kvartal i fjor i parentes)




Finansielle måltal 2024

	Måltal	Status 2024
EK-avkastning	> 11 %	13,8 %
Kostnadsprosent	< 40 %	37,0 %
Rein kjernekapitaldekning	> 17 %	17,1 %
Utbyttegrad*	≥ 50 %	51,7 %


*Utbyttegrad er berekna som utbytte til EK-beviseigarane dividert på EK-beviseigarane sin del av disponibelt resultat. Styret foreslår skeivdeling, slik at samla utdelingsgrad er 46 %

Utvikling viktige nøkkeltal


Kostnader i % av inntekter




Tap i % av utlån



EK avkastning resultat etter skatt




Rein kjernekapitaldekning




Stabil rentenetto

Høgare kundemargin og vekst i utlåna er dei viktigaste årsakene til den positive utviklinga i netto renteinntekter. Det har ikkje vore generell renteendring i kunderentene sidan starten av 2024

Rentenetto i mill. kr



Rentenetto i% av GFK




Netto renteinntekter i mill. kr og i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)


Fin utlånsvekst i privatmarknaden

Målretta arbeid av våre dyktige kunderådgjeverar gir ein fin utvikling i privatmarknaden i ei tid med hard konkurranse om kundane

Utlån privatmarknad




Innskot privatmarknad




* Grafen for utlån er inkludert utlån overført til SpareBank 1 Boligkreditt.

God vekst i bedriftsmarknaden

Utlån bedriftsmarknad




Innskot bedriftsmarknad




* Graf utlån er inkludert utlån overført til SpareBank 1 Boligkreditt.

Kundemargin

Utlånsmargin




Innskotsmargin



Viser innskots- og utlånsrenter for innskot og utlån fra kundar målt mot 3 mnd. Nibor. Grafen inkluderer både innskot og utlån med flytande og faste renter. Innskot og utlån i utenlandsk valuta er ikkje inkludert

Andre inntekter


Prisnedgang på sal av fond og lågare netto inntekter frå betalingsformidling mot 4. kvartal 2023



Tall pr. kvartal i mill. kr

Finansielle investeringar

Verdiendring på rentepostar fører til negativt resultat frå finansielle instrument for 4. kvartal




Tall pr. kvartal i mill. kr


Høge kostnader

Auken i kostnader skuldast primært konvertering, tilpassing og nye ordinære kostnader til SpareBank 1-alliansen. Vidare er bankbygget i Førde under ombygging og prosjektering. Riving og kostnader med midlertidige lokale er utgiftsført i 2024. Målsetninga er å ha ein kostnadsprosent over tid på under 40 %.

Driftskostnader



Driftskostnader i % av sum inntekter




Tall pr. kvartal i mill. kr


Tap på utlån

Netto tap på individuelt vurdert engasjement er på 43 mill. kr og dei modellbaserte tapsavsetningane er samtidig redusert med 27 mill. kr

Resultatført tap på utlån



Balanseført tapsavsetning på utlån pr. trinn




Tall pr. kvartal i mill. kr


Kvartalsresultat

Resultatnedgangen skuldast høge driftskostnader, høgare tap på utlån og negativt resultat frå finansielle instrument

Resultat etter skatt



Ek-avkastning resultat etter skatt



Tall for kvartalet i mill. kr.


EK avkastninga er rekna av gjennomsnittleg eigenkapital ekskl. hybridkapital.

Utrekninga er endra f.o.m 1. kv. 2024 og tal for tidlegare periodar er korrigert.


Kredittrisikoen i privatmarknaden er vurdert som låg

Betalingsmisleghaldet er stabilt lågt, og dei fleste personkundane har god kontroll på eigen økonomi

Brutto utlån PM i % fordelt pr. steg




Andel misleghaldne utlån PM
>90 dager




Kredittrisikoen for bedriftsmarknaden er moderat

Brutto utlån BM i % fordelt pr. steg




Andel misleghaldne utlån til BM
> 90 dagar



Segment og bransjefordeling

Fordeling av brutto utlån




Brutto utlån til bedriftsmarknad i mill. kr




God kapitaldekning

Kapitaldekning




Uvekta kjernekapitalandel



SSF har med verknad frå 30.04.2024 fått nytt pilar 2-krav på 1,8 %. Regulatorisk krav til rein kjernekapitaldekning er som følgje av dette 15,0 %. I tillegg til dette er det forventa at banken skal ha ein kapitalkravsmargin på minimum 1,0 %, slik at krav til rein kjernekapitaldekning inkludert kapitalkravsmargin er 16,0 %. Bankens eiga målsetting er å ha ein rein kjernekapital på over 16,5 %.

Forfallsfordeling funding



Hovudlinjer for 2024

(Tal for 2023 i parentes)



Fin utlånsvekst: 4,5 % siste 12 månadar



Auke i rentenettoen: 1.586 mill. kr (1.466 mill. kr)



Resultat frå finansielle instrument: 259 mill. kr (34 mill. kr)



Tap på utlån: 19 mill. kr (mot 13 mill. kr)



God likviditet og soliditet:

- LCR 169 % (165%)
- Rein kjernekapitaldekning 17,1 % (17,8 %)



Resultat pr. EK-bevis (konsern): kr 43,43 (kr 37,79)




Eigenkapitalavkastning: 13,8 % p.a. (12,6 % p.a.)




God utvikling i innskot og utlån over tid

Banken har ein solid marknadsposisjon i Sogn og Fjordane og god vekst i privatmarknaden utanfor Sogn og Fjordane

Innskot siste 5 år




Brutto utlån siste 5 år




Graf brutto utlån i mrd. kr inkl utlån overført til SpareBank 1 Boligkreditt

Fin utvikling i rentenetto

Rentenetto i mill. kr




Rentenetto i % av GFK



Netto renteinntekter i mill. kr og i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)


Andre inntekter



Tall pr. kvartal i mill. kr

Finansielle investeringar


Sal av aksjane i Frende Holding gav rekneskapsmessig gevinst på MNOK 148 i 2024




Eit år med store endringar har gitt høge kostnader

2024 har vert eit ekstraordinært år som har gitt høge kostnader knytt til overgang til SpareBank 1-alliansen. Det blir jobba med å kutte doble kostnader, og å hente ut effektar knytt til konverteringa.

Driftskostnader i mill. kr




Kostnader i % av inntekter




Tall pr. kvartal i mill. kr

Låge nedskrivingar på utlån

Resultatført tap på utlån



Balanseført tap i % av utlån




Tall pr. kvartal i mill. kr


Godt resultat for 2024

Overgang til SpareBank 1-alliansen vart gjennomført i 2024. Dette er ei viktig strategisk satsing, som vil styrke inntektsgrunnlaget og sikre god lønsemd også framover

Totalresultat




EK avkastning av totalresultat




Tall pr. kvartal i mill. kr

Kapitaldekning

Kapitaldekning



Uvekta kjernekapital



SSF har med verknad frå 30.04.2024 fått nytt pilar 2-krav på 1,8 %. Regulatorisk krav til rein kjernekapitaldekning er som følgje av dette 15,0 %. I tillegg til dette er det forventat at banken skal ha ein kapitalkravsmargin på minimum 1,0 %, slik at krav til rein kjernekapitaldekning inkludert kapitalkravsmargin er 16,0 %. Bankens eiga målsetting er å ha ein rein kjernekapital på over 16,5 %.

Konvertering gjennomført


– vi er no SpareBank 1 Sogn og Fjordane



- Alle kundesystem og produkt tilgjengeleggjort
- Konvertering av eksisterande fondsprodukt planlagt april 2025
- Gjenståande aktivitetar knytt til konvertering til nye rapporteringsløysingar og rydding og avvikling av gamle løysingar

Konvertering til SpareBank 1 var kostnadsdrivande i 2024

Kostnadsvekst
på nesten
MNOK 200



- Eingongskostnadar konvertering
- Vår andel av SB1 kostnadsdeling så langt
- Andre eingongskostnadar
- Anna kostnadsvekst

- Ca MNOK 75 kostnadsført på konverteringsprosjekt
- Ca MNOK 60 er nye ordinære driftskostnadar, der banken i liten grad har kunne skru av eksisterande kostnadar enno. Dette blir fokus i 2025
- Ca MNOK 40 i andre eingongskostnadar, der ein vesentleg del er kostnadsførte utgifter knytt til rehabilitering av hovudkontor
- Ca MNOK 25 i anna ordinær kostnadsvekst

Banken i samfunnet



Vi er SpareBank 1 Sogn og Fjordane

Måndag 4. november 2024 er ein merkedato i bankhistoria vår. Då endra Sparebanken Sogn og Fjordane namn til SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Namnet er nytt, men folka bak namnet og den nye logoen er dei same. Kundane våre har fått nye kort og ny nett- og mobilbank. Utanom dette er det aller mest som då vi var Sparebanken Sogn og Fjordane.

Vi har dei same rådgjevarane på dei same kontora, og vi er framleis eigd av dei same lokale eigarstiftingane som delar overskotet tilbake til samfunnet.





Marknadsandeler i Sogn og Fjordane

Privatmarknad* **49,0 %**

Bedriftsmarknad* **36,2 %**

Eigedomsmekling** **37,0 %**

SpareBank **1** Sogn og Fjordane

* Marknadsandel volum utlån SSF, tal pr. Q3-2024 ** Markedsandel Eigedomsmekling , tal 2024
Kjelde: *SSF, Early Warning, ** Eiendomsverdi

Til stades for kundane

Gjennom 2024 tok privat- og bedriftskundane våre kontakt over 200.000 ganger på telefon, e-post og chat. I tillegg har vi hatt fleire hundretals kundemøter, arrangert webinar og vore tilgjengelege i skranken for kundane våre.



Tilbake til lokalsamfunnet

I 2024 har vi gitt 125 millionar kroner
frå overskotet vårt tilbake til
lokalsamfunnet.



Tett på næringslivet

I 2024 fekk vi over 600 nye bedriftskundar, og vi innvilga lån og garantiar på over 7 milliardar kroner til næringslivet i Sogn og Fjordane.

Utlån til bedriftskundar har auka med 4,2 % i 2024, som viser at bedriftene i Sogn og Fjordane har lukkast med å tilpasse seg eit endra makrobilde.

Vi har over 40 personar som jobbar med næringsliv i banken, og av desse har vi 12 ulike bransjeansvarlege med lang fartstid i alle dei sentrale bransjane i regionen vår.



Q1

Vi presenterte resultatet for 2023. **Det var på 1108 millioner kroner før skatt.**

Dei to eigarstiftingane våre, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga Fjaler, kunne i februar melde om rekordstor søknadspågang frå frivilligheita. På søknadskurs deltok 300 personar, og 500 søknadar før 1. mars la grunnlaget for eit stort gåveår. **I løpet av 2024 gjekk 125 millioner kroner av banken sitt overskot ut til gode formål i samfunnet.**

Årets første Furorestipend vart delt ut, til skiskytter Johan Olav Smørdal Botn frå Stårheim. Gjennom året vart det delt ut ti stipend på 50 000 kroner til unge og lovande innan idrett, kultur og open klasse.



Q2

Sparebankstiftinga Fjaler eig om lag fem prosent av banken og på våren hadde dei sine faste utdelingar frå bankoverskotet. **Totalt 12,5 millionar kroner vart delt ut til gode formål i Fjaler og Holmedal-området.**

I mai gjekk banken inn som medeigar i SpareBank 1 SamSpar AS og Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA. Dette var den første delen av inntreden i SpareBank 1-alliansen, som vart fullført seinare i 2024.

Vegard Strand, Silje Skaar Sunde og Ole-Hermann Rognsøy blei valde inn i banken sitt styre.

Hovudkontoret vårt er under oppussing og i juni flytta alle tilsette i Førde inn i mellombelse lokale på Alti-senteret og Nynorskhuset. Planen er å flytte «heim» etter sommaren 2025.

«Straumsmarte idrettsanlegg» vart lansert av Vestland Idrettskrets. Dette prosjektet går ut på at idrettslag i Sogn og Fjordane som eig egne idrettsanlegg kan søke om pengar til å få meir berekraftige anlegg – som igjen gir lågare straumrekningar. **Idrettskretsen fekk 5 millionar kroner frå overskotet til banken til dette.**



Q3

Solundfest, Palmekystfestivalen, Skjærgårdstreffet, Førdefestivalen, Årdalsmarknaden og Malakoff. Det er nokre av arrangementa og festivalane vi var med og støtta gjennom sommaren.

«Eg gjekk ein tur på stien» er namnet på DNT Sogn og Fjordane sitt prosjekt som såg dagens lys i september. **20 millionar kroner har Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane løyvd frå bankoverskotet til dette.** Prosjektet skal gi turglade i heile Sogn og Fjordane betre turstiar.

Ein viktig del av samfunnsansvaret vårt er å motkjempe svindel. **Gjennom hausten har vi saman med politiet halde foredrag om «Digital nettsvindel».**



Q4

1000 store og små i Stryn, Dale og Florø fekk besøk av handballstjernene Gro og Anja Hammerseng-Edin. Der fekk dei servert eit inspirerende foredrag, og i tillegg fekk mange av dei unge og lovande handballspelarane i dei ulike klubbane trene med handballprofilane.

26. april 2023 vart det kjend at banken hadde kjøpt seg inn i SpareBank 1-alliansen. **18 månadar seinare, 4. november 2024 vart vi offisielt SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Ein stor merkedag i bankhistoria vår.**

Det aller meste er som før for kundane etter namnebyttet, men noko som er nytt er nett- og mobilbanken vår. **SpareBank 1 sin mobilbank blei i november kåra til Norges beste av Cicero.**

16 førjulskinoar for over 2000 små og store kundar. Disneyfilmen Vaiana 2 var ein stor suksess.



Kontaktinformasjon

SpareBank 1 Sogn og Fjordane

Adresse: Naustdalsvegen 4
6800 Førde

Heimeside: www.ssf.no
E-post adresse: kundesenter@ssf.no
Føretaksnummer: 946 670 081
Telefon: 57 82 97 00

Kontaktpersonar:


Trond Teigene	Frode Vasseth
Adm. direktør	Dir. økonomi og finans
Tlf. 908 25 086	Tlf. 951 98 452




Vedlegg

Eigenkapitalbevis

Bokført eigenkapital pr. EK bevis



Resultat pr. EK bevis pr. kvartal



Kvartalvis resultatutvikling konsern

	4 kv. 24	3 kv. 24	2. kv. 24	1. kv. 24	4. kv. 23
Netto renteinntekter	401	405	394	387	381
Andre driftsinntekter	38	42	47	38	40
Utbytte og verdiendring finansielle instrument	- 15	222	24	28	- 11
Netto andre driftsinntekter	23	264	71	66	29
Sum inntekter	424	669	464	453	410
Driftskostnader	247	181	159	157	150
Resultat før nedskrivning på utlån og garantiar	177	487	306	296	259
Nedskrivning på utlån og garantiar	16	- 5	19	- 10	- 1
Resultat før skatt	161	492	287	306	260
Skatt	54	61	66	74	59
Resultat etter skatt	107	431	221	232	201
Estimatavvik pensjon	0	0	0	0	0
TOTALRESULTAT	107	431	221	232	201

	3. kv. 23	2. kv. 23	1. kv. 23	4. kv. 22	3. kv. 22
Netto renteinntekter	379	356	350	332	291
Andre driftsinntekter	45	45	37	46	43
Utbytte og verdiendring finansielle instrument	- 29	60	14	1	- 18
Netto andre driftsinntekter	15	105	51	47	25
Sum inntekter	395	462	401	379	315
Driftskostnader	141	128	127	128	128
Resultat før nedskrivning på utlån og garantiar	254	334	274	250	187
Nedskrivning på utlån og garantiar	30	- 11	- 4	30	2
Resultat før skatt	225	345	278	220	185
Skatt	58	75	69	51	42
Resultat etter skatt	166	270	210	169	143
Estimatavvik pensjon	0	0	0	0	0
TOTALRESULTAT	166	270	210	169	143

Hovudtal konsern

TAL I MILL. KRONER

RESULTATREKNESKAP

	31.12.24	31.12.23
Netto renteinntekter	1 586	1 466
Utbytte og verdiendring på finansielle instrument	259	34
Andre driftsinntekter	165	167
Driftskostnader	744	546
Resultat før nedskriving (inkl. verdipapir)	1 266	1 121
Resultat før nedskriving (ekskl. verdipapir)	1 007	1 088
Nedskriving på utlån og garantiar	19	13
Resultat før skatt	1 246	1 108
Skatt	255	261
Resultat etter skatt	992	847
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0
Totalresultat	992	847

BALANSE

Eigedelar

Brutto utlån til og krav på kundar	64 693	64 286
Brutto utlån og krav på kundar inkl. utlån overført Spb. 1 Boligkreditt AS	67 153	64 286
Nedskriving på utlån	– 281	– 316
Verdipapirplasseringar (aksjar, FKV, sertifikat og obligasjonar)	11 372	8 361

Gjeld og eigenkapital

Innskot frå og gjeld til kundar	38 597	35 796
Verdipapirgjeld og gjeld til kredittinstitusjonar	28 696	28 542
Eigenkapital	7 628	7 316
Forvaltningskapital	77 077	73 556
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	75 524	72 573

Nøkkeltal konsern

Lønsemd

Rentenetto i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	2,10 %	2,02 %
Andre driftsinntekter (ekskl. innt. fin. instrument) i % av gj. sn. forv. kap.	0,22 %	0,23 %
Driftskostnader i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,99 %	0,75 %
Resultat før nedskriving i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,68 %	1,55 %
Resultat før skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,65 %	1,53 %
Resultat etter skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,31 %	1,17 %
Totalresultat i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,31 %	1,17 %
Driftskostnader i % av driftsinnt. ekskl. innt. frå fin. instrument	42,49 %	33,41 %
Driftskostnader i % av driftsinnt. inkl. innt. frå fin. instrument	37,02 %	32,73 %
Nedskriving i % av brutto utlån (resultatført)	0,03 %	0,02 %
Eigenkapitalavkastning før skatt 1)	17,48 %	16,57 %
Eigenkapitalavkastning etter skatt 1)	13,80 %	12,56 %
Eigenkapitalavkastning totalresultat 1)	13,80 %	12,56 %
Totalresultat konsern pr. eigenkapitalbevis i kr	43,43	37,79
Utbytte pr. eigenkapitalbevis i kr	20,00	25,00

EK-avkastninga er rekna av gjennomsnittleg eigenkapital ekskl. hybridkapital.
Utrekninga er endra f.o.m. 1. kv. 2024 og tal for tidlegare periodar er korrigert.

Soliditet og likviditet

Kapitaldekningsprosent	20,63 %	21,03 %
Kjernekapitalprosent	18,47 %	19,04 %
Rein kjernekapitalprosent	17,12 %	17,75 %
Uvekta kjernekapitalandel (Leverage ratio)	8,38 %	8,84 %
LCR (Likviditetsindikator)	169 %	165 %
NSFR konsern	124 %	122 %
NSFR morbank	135 %	135 %
MREL totalt	41 %	37 %
MREL etterstilt	31 %	29 %

Balanseutvikling

Vekst i forvaltningskapital (12 mnd.)	4,79 %	3,86 %
Vekst i brutto utlån til kundar (12 mnd.)	0,63 %	4,53 %
Vekst i brutto utlån til kundar (12 mnd.) inkl. utlån overført Spb. 1 Boligkreditt	4,46 %	4,53 %
Vekst i innskott frå kundar (12 mnd.)	7,83 %	2,72 %
Innskott i % av brutto utlån konsern	59,66 %	55,68 %
Innskott i % av brutto utlån morbank	100,31 %	91,49 %

Tilsette

Årsverk	302	286
---------	-----	-----